



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	15.02.2024
Møtetid:	18:00 - -23:00
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer	medlem	H	
Myklebusthaug			
Oskar Nordgard	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Frank Erik Øksnes	medlem	INP	
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ann Kristin Leirvåg	MEDL	AP
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kristian Semmingsen	Ann Kristin Leirvåg	AP	
Lerøy			
Tore Svendsen	Renee Hansen	SAM	
	Semmingsen		

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	einingsleiar Plan, byggesak, oppmåling og miljø

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 1/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 14.12.2023	
PS 3/2024	Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2023	
PS 4/2024	Uttale til planar om etablering av kjernekraft i Austrheim kommune	
PS 5/2024	Referatsaker	
RS 1/2024	Orientering om Skyss - årlige ruteendring i 2024	
RS 2/2024	IUA Bergen region - Protokoll fra styremøte 12. desember 2023	
RS 3/2024	Samordning av planlagt statleg tilsyn med kommunane for 2024	
RS 4/2024	Austrheim kontrollutval - Protokoll med vedlegg til møtet 06.12.2023	
OS 1/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 15.2.2024	
PS 6/2024	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune	
PS 8/2024	Bergen og Omland Farvannsforvalting (IKS) - Revidert selskapsavtale	
PS 9/2024	Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning	
PS 10/2024	KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune	
PS 11/2024	Fritak frå Levekårsutvalet ut 2024 - Terje Håland	
PS 12/2024	Val av leiar i Levekårsutvalet - frå 16. februar 2024 og ut året	
PS 13/2024	Tingsutvalet - vurdering av tal medlemmer	

- PS 14/2024 Val av ny utsending til representantskapet i Interkommunalt Arkiv - 2023-2027
- PS 15/2024 Oppfølging av Forvaltningsrevisjon "Rekruttering, kompetanse og tilsettepolitikk"

PS 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ordførar Morten Sognnes (H):

- Sak nr 7 på dagens liste, temaplan for oppvekst, vert tatt ut av lista slik at den kan handsamast i levekårsutvalet, og så komma tilbake til neste møte i kommunestyret.
- Det vert pause i møtet kring 19.30, i samband med at NRK Vestland ønskjer deltaking av kommunestyremedlemmer i direktesending.
- Ordføraren orienterte om at det kjem mange gode innspel frå innbyggjarane i samband med arbeidet med ny samfunnsplan.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 2/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 14.12.2023

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 14.12.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 14.12.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 14. desember 2023 vert godkjent.

PS 3/2024 Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2023

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 3/2024 Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2023:

Tenesteleiar i Alver barnevern, Sissel Mary Frotjold, orienterte om tilstandsrapporten for Alver barnevern, jamfør sakspapira.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 3/2024 Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsrapporten for Alver barnevernsteneste 2023 til vitande.

PS 4/2024 Uttale til planar om etablering av kjernekraft i Austrheim kommune

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 4/2024 Uttale til planar om etablering av kjernekraft i Austrheim kommune:

Jonny Hesthammer frå Norsk Kjernekraft orienterte om det arbeidet dei gjer, med tanke på etablering av små modulære reaktorar, kjernekraftanlegg.

Tore Svendsen (Samlingslista):

- Meiner at saksframstillinga er for mangelfull til å gjera vedtak, med tanke på storleik på eit mogleg anlegg, behov for sikringssone med meir. Ønskjer å vita nøyaktig plassering av kvar det skal plasserast, og at det må vurderast kva som kan byggast innanfor sikringssona, ev. behov for byggeforbod.
- Spurte om det er tilgjengeleg tilstrekkeleg med vatn til kjøling, som i dag vert levert frå Alver. (Her skaut Jonny Hesthammer inn at det er tilstrekkeleg med satvatn til det som trengs for kjøling)
- Samlingslista hadde eige framlegg til vedtak: *"Kommunestyret ønskjer ein debatt om utgreiing om kjernekraft velkomen. Debatten skal vere nyansert der alle sider av saka vert gjort kjende. Det er viktig at i debatten kjem det fram ulemper og fordelar med kjernekraft slik at kommunestyret etterpå kan fatte eit vedtak på ein måte som kjem kommunen til gode".*

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara Svendsen med at denne saka i dag handlar om at det er det etterlyste reguleringsarbeidet som skal starta. Vidare er det tenkt å bruka areal som alt er brukt til industri. Meininga no er å få kommunestyret si støtte til at ein skal starta dette utgreiingsarbeidet med Norsk Kjernekraft eller andre interessentar, ev. å få klargjort at dette er noko ein ikkje ønskjer å gå vidare med.

Tore Svendsen, Samlingslista, etterlyste at det er meir klart på førehand i denne saka, og ikkje etter at det er bestemt.

Jonny Hesthammer svara at det ikkje skal tas ei beslutning på kort varsel. Det første er ei melding om at det er ønskje om å starta utgreiingsarbeid. Meldinga skal på høyring, det vil gje grunnlag for konsekvensutgreiinga, og der skal det komma svar om moglege plasseringar, kor mykje behov det er for vatn til kjøling. Meldinga er første steg i dette arbeidet.

Tore Svendsen, Samlingslista, sa at han ønskjer at innbyggjarane i Austrheim på førehand skal seia si meining om dette, før det vert utgreidd, og ba om eit debattmøte der ein inviterer alle til å komma. Svendsen la til at han sjølv er for kjernekraft, men ønskjer ein annan prosess.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det overraska han at det i saksutgreiinga er lagt opp til at det er så nære på at ein ønskjer eit slikt anlegg, når det er så mange ting som ikkje er klargjort, anten det er kva ein skal gjera med brukte brenselstavar eller anna. Meiner det må venta til det kjem eit nasjonalt vedtak om at dette med kjernekraft er noko ein skal vurdera, og med føringar om korleis det skal gjerast. Meiner ein bør ta arbeidet til vitande, og venta til nasjonale føringar, herunder også om at ein må ta vare på krafta for bruk i eige land, slik det gjerne kunne vore for den krafta ein alt produserer i landet. Eige framlegg til vedtak: *"Kommunestyret i Austrheim tek orienteringa frå Norsk kjernekraft til vitande. Vedtak i saka må koma etter eit større kunnskapsgrunnlag ligg føre."*

Aslak Bakke (H) sa at det er rett å starta denne utgreiinga no, er for seint ute i Norge med all kraftutbygging, må komma i gang med meir utgreiing slik som her.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han støttar å starta denne utgreiinga, men saknar døme på korleis mindre anlegg er brukte i dag, det kunne dempa skepsis mellom folk. Det er erfaringar med bruk av mindre anlegg mellom anna som framdriftsmaskineri i hangarskip og ubåtar.

Kristoffer Myklebusthaug (H) viste til at Ap/HI/INP er samde om å støtta framlegget til vedtak. Viste til at det er positive ting ved kjernekraft samanlikna med vindkraft, som mindre arealbehov, og evne til å produsera utan påverknad av ver og vind. Viste til at av all den energien som vert produsert i dag, er det mykje som går til andre deler av landet. Treng meir energi for å sikra kraft til lokalt næringsliv. Treng meir energi for framtida.

Per Lerøy (AP) sa at det å utgreia moglegheitene ikkje bind kommunen for ei utbygging. Ingen risiko ved å starta ei utgreiing, og skal inkludera bygdefolket i det vidare arbeidet. Lerøy sa at det bør vera eit tillegg i vedtaket, "eller andre energikjelder", som skal plasserast slik: " Kommunestyret er positiv til at det vert planlagt og utgreidd bygging av små modulære reaktorar for kjernekraft i Austrheim kommune, eller andre energikjelder. Dette må planleggast og etablerast i eksisterande større regulerte næringsareal i Mongstad-området. Energien må gå til næringslivet og husstandar lokalt i regionen.

Austrheim kommune har interesse av å vera vertskommune for kjernekraft med små modulære reaktorar og vil samarbeide med verksemda Norsk Kjernekraft AS i deira utgreiingsarbeid i kommunen vår".

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegga til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta mellom dei ulike framlegga.

- Samlingslista sitt framlegg fekk støtte frå 5 (Samlingslista og Senterpartiet)
- Senterpartiet sitt framlegg fekk støtte frå 3 (Senterpartiet)
- Per Lerøy sitt framlegg, som er kommunedirektøren sitt framlegg med eit tillegg, fekk støtte frå 12 og vart vedteke (Høgre, Arbeidarpartiet og INP)

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 4/2024 Uttale til planar om etablering av kjernekraft i Austrheim kommune:

Kommunestyret er positiv til at det vert planlagt og utgreidd bygging av små modulære reaktorar for kjernekraft i Austrheim kommune, eller andre energikjelder. Dette må planleggast og etablerast i eksisterande større regulerte næringsareal i Mongstad-området. Energien må gå til næringslivet og husstandar lokalt i regionen.

Austrheim kommune har interesse av å vera vertskommune for kjernekraft med små modulære reaktorar og vil samarbeide med verksemda Norsk Kjernekraft AS i deira utgreiingsarbeid i kommunen vår.

PS 5/2024 Referatsaker

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 5/2024 Referatsaker:

Per Lerøy (Ap) la fram eige framlegg til Innspel til Skyss om ruteendringar, som innspel frå Austrheim kommune:

- Erstatt bussruter med svært lågt passasjergrunnlag i distriktet med «Hent meg» tilbod eller tilsvarande.
- Sørg for skikkeleg korrespondanse mellom bybussane og distriktsbussane i Knarvik.
- Sørg for god korrespondanse mellom ferjer og bussar i Nordhordland.
- Etabler skikkelege snuplassar for skulebussane på Hope, Keila og Monslaup.
- Siste buss frå Bergen til Austrheim på laurdagar går klokka 16:00. Me ønskjer oss ein seinare avgang.

Lerøy viste mellom anna til at ferja over Fensfjorden og til Fedje ikkje ventar på bussane som kjem frå den vidaregåande skulen, slik at elevar og andre må venta på neste buss/ferje.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å gje innspel til Skyss, og elles ta referatsakene til vitande.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 5/2024 Referatsaker:

Kommunestyret tek referatsakene til vitande, og kjem med innspel til Skyss om ruteforbetringar som lista i møtet.

OS 1/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 15.2.2024

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak OS 1/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om:

- Vasskade på taket over bassenget på Kaland skule, veit ikkje kor lang tid det vil ta å ordna.
- Må nok ta heile taket over bassenget for å ordna den feilen som er oppstått.
- Svare på spørsmål frå Frank Erik Øksnes (INP) om tidshorisont for arbeidet, og sa at det i alle fall ikkje blir ferdig på denne sida av sommaren. Blir ei forsikringssak opp mot leverandør.
- Enøk-arbeidet, blir jobba vidare med dette.
- Avgiftsamnestyet for hytter og hus, der dei utan registrert tilknytning vart oppmoda til å melda seg, gir kommunen inntekter på 700.000 kroner i tilknytingsavgift og 300.000 kroner i årlege avgifter. Det er framleis noko å gå gjennom.
- Skal få rekningane for kommunale avgifter tydelegare.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om:

- Aufera-kjøring, i sluttfasen med ein avtale, der Austrheim leasar eit kjøretøy og Aufera stiller med sjåføren.
- Rekneskapsrapportering, ser at det er auka kostnader på grunn av auka lånegjeld og høgare renter. Ser at rekneskapsrapporten for 2023 vil visa eit lite mindreforbruk for 2023.
- Investeringsplanen er innanfor rammer, med unntak av fortau langs Nordlibrekka der fylket auka krava sine, og det måtte fyllast igjen ein brønn.
- VA-prosjekt, har anbod ute på nye arbeid der.
- Kommunepsykologen sluttar i vår, ser på løysingar saman med nabokommunane.
- Hadde brot på hovudvassleidningen i dag, ved industriområdet på Mongstad.
- Dei to fysioterapeutane er no privatpraktiserande med avtale med kommunen, skal tilsetta eigen fysioterapeut for å løysa kommunale oppgåver.
- Jobbar med ny arbeidsgjevarstrategi, for rekruttering og halda på tilsette
- Legevaktsamarbeid, har sikra dekning den halvtimen det var tale om frå til 1530 til 1600, Nordhordland legevakt dekkar denne halvtimen.
- Samfunnsplanen, har undersøking ute og legg opp til workshop torsdag 14. mars. Kunnskapsgrunnlaget kjem ut på førehand. Så langt 250 svar på innbyggjarundersøkinga.
- Politikarportalen kjem på neste møte i kommunestyret, Agenda Live med saker og avrøysting.
- Det er planlagt tilsyn med kommunen på ulike felt, som kommunen si forsøplingsmynde, kommunal beredskap, oppfylging av lærarnorma og oppfølging av folkehelsearbeidet.
- Har fått moglegheitsstudie frå PWC om nytt helse- og omsorgstun, denne vert gått gjennom i Levekårsutvalet den 22/2, og kjem til kommunestyret i neste møte. Kommunestyret kan der gjera vedtak om ein skal bygga nytt eller gjera ei anna løysing på dette.

- Sjukefråvær var samla for 2023 på 9,4 prosent, det er 0,5 prosent over snittet for offentlig sektor. Desember var det nede på 5,4 prosent.
- Status avvik, var 48 avvik i 2023, det er innarbeidd i heile organisasjonen å registrera og følgja opp.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om arbeidet med helsefellesskap. (sjå presentasjonen)

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om flyktningar:

- Busette 27 i 2023, men nokre reiste tilbake til Ukraina.
- Har busett fleire sidan, og har 38 busette no.
- Har fleire som er tildelt kommunen, men det er vanskar med å tilpassa dette opp mot tilgjengelege bustader, sidan det er mange einslege som kjem, og det er store bustader som er tilgjengeleg.
- Ser at det ein del som har venner og familie som bur her no, vert busette i deira bustader.
- Enkelte har god utdanning, men kan vera utfordringar med språk, der dei må ha utvida språkopplæring etter introduksjonsprogrammet.
- Har to fulle årsverk på vaksenopplæring, ligg på grensa av kva ein klarer å handtera.
- Har stor vilje og fleksibilitet i organisasjonen for å få dette til, det er avgjerande.
- Må vera klar over at det kan gå tid frå flyktningane er ferdige med introduksjonsprogrammet og til dei er aktuelle for arbeidslivet. Viktig med tett samarbeid med Nav, må jobba vidare med dette.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om tilsyn med PPT:

- PPT har hatt tilsyn på om det er utarbeidd sakleg vurdering så raskt som mogleg etter tilvising. Har fått tilbakemelding på at Austrheim/Fensfjorden PPT oppfyller krava til at dette er klart så snart som råd er.

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om medverknadsråda RMNF og Eldrerådet.

- Begge råda er lovleg valde, så langt administrasjonen ser det.
- For Eldrerådet er det jo ikkje diskusjon kring valet i seg sjølv, men om ein skal undersøka kor mange medlemmer dei skal ha.
- For RMNF er det gjort ein feil, vårt eige reglement er ikkje oppdatert opp mot nyaste forskrift, der det heiter at "Rådene velger selv sin leder og nestleder blant medlemmene." Kommunestyret valde leiar og nestleiar i RMNF, men det kan jo RMNF gjera på nytt sjølv utan at ein vel nye medlemmer til rådet.
- Det er kommunestyret som har valt desse råda, og om ein ønskjer endring må det bestillast sak om dette.
- Kommunestyret var samrøystes om at det skal bestillast ei sak om nyval av RMNF, og om ei utviding av Eldrerådet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om oppfølging av Montrealavtalen:

- Arealplanen som vart vedteke i 2019 seier noko om verdifullt areal vs naturinngrep, og om berekraftig arealbruk.
- Kommunedelplan for naturmangfald er ute til offentlig ettersyn.

- Kommunedelplan for klima og energi har eigne mål for klimaarbeidet, inkludert tiltak.
- Tore Svendsen etterlyste at det var svara ut meir detaljert kring dette med Montrealavtalen. Opprettheld etterlysinga frå sist møte om at kommunestyret ber kommunedirektøren svara om oppfølginga av Montrealavtalen. Her svara kommunedirektøren at det er lagt inn noko i årsrapporteringa som skal vera klar til 1. mars, der oppfølginga av klimarekneskapen er ein eigen del, men kommunestyret kan også be om eiga sak.
- Per Lerøy viste til spørsmål dei har i samband med Montrealavtalen, og ba om at det vart svara ut til Workshopen i Kilstraumen 14/3. Semje om det i kommunestyret. Spørsmåla er slik: "Spørsmål til kommunedirektøren frå Ap, H og INP.
Me viser til OS 1/2024 Saksnummer 2024/179 og spørsmål knytt til Montrealavtalen. Me ber om at kommunedirektøren på møtet i kommunestyret 21.03.2024 gjer greie for kor store areal som alt er verna i Austrheim kommune, kor store areal som per i dag er LNF-område og kor store areal som i praksis alt er verna som følgje av vår funksjonelle strandsone.
Me ber om at kommunestyret får opplysningar om både sjø- og landareala i kommunen og at storleiken på områda vert oppgitt både i dekar og i prosent av kommunen sine totale sjø- og landareal."
- Reidar Øksnes spurte om arbeidet med vassleidningen på Kaland, og ba kommunestyret om å setta i gang eit meir grundig arbeid for å sikra at det ikkje dukkar opp vanskar på linje me kommunen oppdaga i Kalandsfeltet tidlegare. Her svara kommunalsjef Bjarte Rosenlund at ein er i gang med utrekning av dette arbeidet, inkludert å sjå på kostnader.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak om å ta orienteringane til vitande, med tillegg av ei bestilling til kommunedirektøren om å svara på spørsmål om Montrealavtalen i samband med samlinga i Kilstraumen 14. mars.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg:

Kommunestyret tek orienteringane til vitande

Når det gjeld OS 1/2024 Saksnummer 2024/179 og spørsmål knytt til Montrealavtalen, så ber ein om at kommunedirektøren svarer på desse spørsmåla i samband med samlinga i Kilstraumen 14. mars: «Me ber om at kommunedirektøren på møtet i kommunestyret 21.03.2024 gjer greie for kor store areal som alt er verna i Austrheim kommune, kor store areal som per i dag er LNF-område og kor store areal som i praksis alt er verna som følgje av vår funksjonelle strandsone.

Me ber om at kommunestyret får opplysningar om både sjø- og landareala i kommunen og at storleiken på områda vert oppgitt både i dekar og i prosent av kommunen sine totale sjø- og landareal.»

PS 6/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 6/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 6/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune:

Kommunestyret vedtek formannskapet 01.02.2024 sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Helsestasjon og skulehelsetenesta for Austrheim og Fedje kommunar», slik den ligg føre.

PS 8/2024 Bergen og Omland Farvannsforvalting (IKS) - Revidert selskapsavtale

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 8/2024 Bergen og Omland Farvannsforvalting (IKS) - Revidert selskapsavtale:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 8/2024 Bergen og Omland Farvannsforvalting (IKS) - Revidert selskapsavtale:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av lov om interkommunale selskaper (IKS-loven) av 29.01.1999 nr. 6 § 4 fastset Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert selskapsavtale for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

PS 9/2024 Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 9/2024 Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Det er lagt opp til endringar som kan gje betre forsyningssikkerheit.
- Legg opp til å få mest mogleg ut av prosjektet, med å leggja både vassleidning og kloakk i same leidning, og få bygd ut gatelys og fortau så langt som mogleg.
- Vil gje betre forsyningssikkerheit vestover i kommunen til Heiane-feltet, ved at dei har forsyning også når dagens leidning frå vasstårnet skal skiftast ut.
- Kan sleppa å leggja ny leidning frå det gamle kommunehuset og til vasstårnet:
- Vert mogleg å knyta seg på ny reservevassføring frå Radøy til Mongstad fleire stader, og vert sikra hovudvassleidning inn til kommunen både i aust og vest.
- Tar sikte på totalentreprise der entreprenøren tar heile entreprisen
- Jobbar med avløp fleire stader for å få flytta avløp frå indre til ytre basseng, og vil ha fleire stengeventilar med digital styring på vassnettet, og ny hovudvassleidning frå Litlås i Alver og til Fonnes/Kaland.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ekstrakostnader som kan komma i Mongstad-krysset og på Kaland, burde ein hatt to strekar under svaret der før kommunestyret gjer vedtak her? Veit ikkje kva det vil kosta på Kaland. Her svara Bjarte Rosenlund at prosjektet med vatn til Førland må byggast ut i to etappar. Har ikkje prisane heilt enno, men veit at kommunen har over 20 millionar å bruka etter at det har vore litt stillstand i arbeidet på VA. Om kommunen ventar meir no vert det meir venting før me kjem i gang, må heller komma tilbake med ei eiga sak om det dukkar opp store kostnader med prosjektet på Mongstad.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er mogleg å flytta midlar frå 2025 og 2026 til 2024, om det viser seg at det er store kostnader på Mongstad. Rår sterkt frå å stoppa noko arbeid no.

Handsaming i kommunestyret

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 9/2024 Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer endringa er meir føremålstenleg og tilrår endringar som gjort greie for i saka.

PS 10/2024 KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 10/2024 KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 10/2024 KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren gjev uttale i tråd med svara i saksutgreiinga.

PS 11/2024 Fritak frå Levekårsutvalet ut 2024 - Terje Håland

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 11/2024 Fritak frå Levekårsutvalet ut 2024 - Terje Håland:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 11/2024 Fritak frå Levekårsutvalet ut 2024 - Terje Håland:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev Terje Håland fritak frå Levekårsutvalet ut 2024.

Håland går inn igjen som medlem og som leiar i utvalet frå 2025.

PS 12/2024 Val av leiar i Levekårsutvalet - frå 16. februar 2024 og ut året

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 12/2024 Val av leiar i Levekårsutvalet - frå 16. februar 2024 og ut året:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det vert delegert til levekårsutvalet å velja nestleiar mellom medlemmene.

Varalista vert ikkje etterfylt, sjølv om 1. vara vert fast medlem ut 2024.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 12/2024 Val av leiar i Levekårsutvalet - frå 16. februar 2024 og ut året:

Kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev Per Lerøy (Ap) fast plass i Levekårsutvalet frå 16. februar 2024 og ut året. Lerøy går også inn i vervet som leiar i denne perioden.

Det vert delegert til levekårsutvalet å velja nestleiar mellom medlemmene.

Varalista vert ikkje etterfylt, sjølv om 1. vara vert fast medlem ut 2024.

PS 13/2024 Tingingsutvalet - vurdering av tal medlemmer

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 13/2024 Tingingsutvalet - vurdering av tal medlemmer:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Kommunestyret går for dette alternativet: Kommunestyret endrar tingingsutvalet til å omfatta alle faste medlemmer i formannskapet, og ber om at det politiske reglementet vert revidert med denne endringa.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for "Kommunestyret endrar tingingsutvalet til å omfatta alle faste medlemmer i formannskapet, og ber om at det politiske reglementet vert revidert med denne endringa."

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 13/2024 Tingingsutvalet - vurdering av tal medlemmer:

Kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak:

Kommunestyret endrar tingingsutvalet til å omfatta alle faste medlemmer i formannskapet, og ber om at det politiske reglementet vert revidert med denne endringa.

PS 14/2024 Val av ny utsending til representantskapet i Interkommunalt Arkiv - 2023-2027

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 14/2024 Val av ny utsending til representantskapet i Interkommunalt Arkiv - 2023-2027:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 14/2024 Val av ny utsending til representantskapet i Interkommunalt Arkiv - 2023-2027:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kristin Nesbø (upolitisk) som fast utsending, med Reidar Øksnes (Sp) som 1. vara og Ann Kristin Leirvåg (Ap) som 2. vara.

PS 15/2024 Oppfølging av Forvaltningsrevisjon "Rekruttering, kompetanse og tilsettepolitikk"

Handsaming i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 15/2024 Oppfølging av Forvaltningsrevisjon "Rekruttering, kompetanse og tilsettepolitikk":

Revisjonssjef i Vestlandsrevisjon, Janne Eraker, orienterte om arbeidet som er gjort i denne forvaltningsrevisjonen.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at det var noko låg deltaking i spørjeundersøkinga. Det er gjort mykje arbeid innan dette feltet, og Fjellhaug forventar at det hadde vore eit betre resultat om ein hadde gjort ei tilsvarande undersøking i dag. Det vert jobba vidare med dette, mellom anna der administrasjonsutvalet i dag 15. februar vedtok fleire planar som omhandlar rekruttering, kompetanse og tilsettepolitikk.

Må kanskje vurdere at det skal gjerast obligatorisk å delta på undersøkingar for å sikra betre svarprosent, men skal ta med oss dei svara som ligg her.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2024 av sak 15/2024 Oppfølging av Forvaltningsrevisjon "Rekruttering, kompetanse og tilsettepolitikk":

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.

2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at kommunedirektøren:

- informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen

- vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode, og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling
- vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar, ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar
- i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga
- følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
- gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følgje opp medarbeidarsamtalane, både på individnivå og på einings- eller sektornivå

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte 2024.

4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.